



3. klasse serverer lapskaus frå Elins Matgleder.

På Uskedal skule har Elins Matgleder sytt for at dei har hatt kantine i dag. Det vart ein kjempesuksess, og ein fantastisk avslutning før skulen tar vinterferie. I samband med kantina har rektor ved skulen, Lilli Britt Urheim, sendt oss kjekke bilete og meldinga som følgjer nedanfor:

Det var stor suksess med kantine frå Elins Matgleder på skulen i dag. Elin kom med rykande varm lapskaus som 3. kl serverte til heile skulen. 6. kl steikte lappar av røra som Elin hadde lagt til. Det var til tider lang kø utanfor skulekjøkkenet, men alle fekk både lapskaus og lappar. Alt var knallgodt! Både små og store storkoste seg! Fleire ynskte å få servert varm lunsj kvar dag.

Stor takk til Elin som spanderte dette på skulen!

Neste kantine vert dagen før påskeferien. Då er me så heldige at Brødrene Hjørnevåg har spandert på oss

fiskekaker, og det vert servert fiskeburgarar. Me gledar oss!



6.klassegutar med god appetitt, Olve og Nikolai



Fornøgd Petter med lappekake og mykje syltetøy.



Maren serverer lappar

Tekst og foto: Lilli Britt Urheim
Nett: Thor Inge Døsland